



## Prinsipp for handsaming av generelle søknader om tilskot til Samnanger kommune

### Formål

Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane Kulturmidlar, Vilt- og fiskefondet og Tilskot til ungdomstiltak. Før søknader som kjem til kommunen utanom desse ordningane, vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningsliner og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningsliner.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningsliner.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er over kr. 10 000 vert tatt opp til politisk handsaming. Søknaden må overstiga kr. 10 000 og verta vurdert av rådmannen til å ha særskilt monnaleg verdi for kommunen.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er under kr. 10 000 vert handsama som delegert sak ved rådmannen.
- Søknader om tilskot til drift og vedlikehald eller andre tiltak som kan søkast om innan ordinære fristar, vert ikkje vurdert. Unntaket er søknader om støtte til landsdekkande eller regionale ideelle organisasjonar som tilbyr tenester som er, eller kan vera, eit supplement til kommunen sitt tenestetilbod.